

Hordaland fylkeskommune
PB 7900
5020 Bergen

Vår ref.: 533538-002

Fitjar, 7. oktober 2019

Søknad om auka biomasse på lokalitet Duesund i Masfjorden kommune

1 INNLEIING

Engesund Fiskeoppdrett AS søker med dette om auka maksimalt tillat biomasse på vår lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune frå 2340 tonn til 3120 tonn. Søknaden omhandlar ikkje endring av arealet på lokaliteten.

Vi bed om at Hordaland fylkeskommune som koordinerande myndigheit snarast råd sender søknaden til Masfjorden kommune og respektive sektormyndigheiter.

2 NÆRARE OM SØKNADEN

Lokaliteten har oppnådd beste resultat på dei 4 siste MOM-B undersøkingane. Vi har heller ikkje hatt utfordringar med å handtere lakselus på lokaliteten. Vi har gjort avtale med Rådgivende Biologer AS om å gjennomføre ei C-gransking ved produksjonstopp vinteren 2020, og vil ettersende resultatet frå denne undersøkinga so snart den er klar.

Søknad med følgjande vedlegg er vedlagt dette oversendingsbrevet:

- Utfylt søknadsskjema
- kvittering for betalt gebyr for utviding av lokalitet Duesund (Kr 12.000)
- rapport 2953 dokumentasjonsvedlegg til søknad
- rapport 2187 strømmåling og botngransking ved omsøkt oppdrettslokalitet Duesund i Masfjorden kommune, sommaren 2015
- rapport 2630 B-gransking
- beredskapsplanar for anlegget
- dokumentasjon av IK systemet
- sjøkart 1: 50 000
- koordinatfestet kart med plassering av anlegget og fortøyingsplan
-

Produksjonen på lokaliteten er veldig god, og biomassen vil vere i taket av gjeldande MTB rundt midten av november 2019. Det er svært ynskjeleg å kunne halde fisken lenger på lokalitet slik at ein oppnår høgare individvekt og dermed meir verdiskaping slik laksemarknaden er i dag. Dersom ein ikkje kan handsame spørsmålet om permanent utviding av lokaliteten før resultatata frå C-granskinga er klar, bed me vi likevel om at lokaliteten blir mellombels utvida fram til 1.april 2020 på bakgrunn av dei 4 svært gode MOM-B undersøkingane som ligg føre.

Når det gjeld behovet for KU i denne konkrete saka, meiner vi at denne saka er tilstrekkeleg opplyst og ikkje treng noko vidare konsekvensutgreiing. I høve til Forskrift om konsekvensutredningar av 1. juli 2017 er det omsøkte tiltaket eit Vedlegg II tiltak som skal handsamast etter § 12 i nemnde forskrift. I forhold til § 12 i forskrifta kan tiltakshavar be om at ansvarleg mynde avklarar om tiltaket skal konsekvensutgreiast eller sjølv foreta ei konsekvensutgreiing. Dersom eit tiltak vert rekna å kunne få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og verknadene ikkje er tilfredsstillande belyst i søknaden, skal ansvarleg mynde krevje tilleggsutgreiingar etter § 27. Krav om tilleggsutgreiing skal sendast forslagsstillaren innan fire veker etter fristen i høyringa av søknaden. I denne sammenheng tilfredsstillar søknaden dei krav som gjeld for søknader om oppdrettslokalitetar i sjø, og saka er godt utgreidd. Det er soleis lite truleg at dette omsøkte tiltaket kan få vesentlege verknader på miljø, biologisk mangfald og samfunn, og vi vurderer det slik at denne saka ikkje trenger nokon ytterlegare konsekvensutgreiing.

Med den omsøkte lokaliseringa av anlegget på lokaliteten, viser denne søknaden med den vedlagte dokumentasjonen at lokaliteten vil vere godt eigna til fiskeoppdrett.

3 AVSLUTNING

Vi bed om at søknaden blir prioritert slik at vi kan produsere dagens fiskegruppe opp til større individvekter. Dersom ein ikkje kan gje permanent utviding før C-granskinga er klar, bed vi om at utvidinga blir innvilga mellombels fram til 1.april 2020 og at spørsmålet om permanent utviding blir teke til handsaming so snart resultatet av C-granskinga er klar.

Skulle det vere spørsmål eller behov for ytterlegare dokumentasjon bed vi om å bli kontakta.

Med venleg helsing
Engesund Fiskeoppdrett AS



Svein Eivind Gilje